

# NOTAT

## Sluttevaluering av prosjektet «TOPP – idrettsutvikling for ungdom 16-19 år»

Vegard Fusche Moe  
Frode Fretland  
Birte Barsnes  
Joar Fossøy  
Lars Tore Ronglan

N-NR 6/2013  
Avdeling for lærarutdanning og idrett

 HØGSKULEN i  
SOGN OG FJORDANE





|  |  |                             |
|--|--|-----------------------------|
| <b>TITTEL</b><br><br>Sluttevaluering av prosjektet «TOPP – idrettsutvikling for ungdom 16-19 år»   | <b>NOTATNR.</b><br><br>6/2013  | <b>DATO</b><br><br>20.05.13 |
| <b>PROSJEKTTITTEL</b><br>Evaluering av Topprosjektet – idrettsutvikling for ungdom i Sogn og Fjordane idrettskrins   | <b>TILGJENGE</b>   | <b>TAL SIDER</b><br><br>30  |
| <b>FORFATTAR</b><br>Vegard Fusche Moe, Frode Fretland, Birte Barsnes, Joar Fossøy, Lars Tore Ronglan   | <b>PROSJEKTTLEIAR/-ANSVARLEG</b><br>Vegard Fusche Moe<br>Frode Fretland                            |                             |
| <b>OPPDRAGSGJEVAR</b><br><br>Sogn og Fjordane Idrettskrins   | <b>EMNEORD</b><br>Talentutvikling, miljø- og klubb utvikling, læring, kompetanse, lokal oppfølging |                             |
| <b>SAMANDRAG</b><br>Prosjektet «TOPP – idrettsutvikling for ungdom 16-19 år» starta sommaren 2008 og vert avrunda fem år seinare på sommaren 2013. Prosjektet er eigd av Sogn og Fjordane idrettskrins. Sparebanken Sogn og Fjordane har finansiert prosjektet med ein totalsum på rundt 6,3 millionar kroner. Idrettssenteret A/S i Sogndal har hatt prosjektleiing og vore praktisk drivar av prosjektet. Målet til prosjektet har vore å styrka aktivitets-, kunnskaps- og kompetanseutviklinga i idretten i Sogn og Fjordane gjennom lokal oppfølging. Utøvarane har vore i fokus, men prosjektet har også involvert trenarar og støtteapparat lokalt i utvalte klubbmiljø. HiSF, Institutt for idrett, har stått for ei kontinuerleg undervegsevaluering av Topprosjektet frå 2009-2013. Dette skrivet skildrar sluttevalueringa som vart utført våren 2013 og inneheld fem delar: 1) konteksten for evalueringa, 2) arbeidet i evalueringsgruppa, 3) evalueringa av TOPP, 4) dimensjonar og spenningar i diskusjonar om idrettsutvikling for ungdom og 5) avsluttande tilrådingar. |  |                             |
| <b>PRIS</b><br><br>0   | <b>ISSN</b><br><br>0806-1696   | <b>ANSVARLEG SIGNATUR</b>   |

## Forord

Dette skrevet utgjør sluttevalueringa av Topprosjektet – eit prosjekt som har hatt som mål å styrka idrettsutviklinga for ungdom mellom 16-19 år i Sogn og Fjordane i utvalte klubb- og krinslag. Evalueringa har blitt utført på oppdrag frå Sogn og Fjordane Idrettskrins og det er tilsette ved Høgskulen i Sogn og Fjordane , Institutt for idrett, som har gjennomført evalueringsarbeidet. Topprosjektet har gått over fem år frå sommaren 2008 til 2013. Arbeidet med evalueringa har føregått i tidsrommet 2009-2013 og kan delast i inn i ei undervegsevaluering frå 2009-2012 og ei sluttevaluering som har blitt utført våren 2013. Vegard Fusche Moe har leia evalueringsarbeidet og har saman med Frode Fretland hatt eit felles ansvar for gjennomføringa av sluttevalueringa.

HiSF, Institutt for idrett, takkar Sogn og Fjordane Idrettskrins for oppdraget med evalueringa.

Sogndal, 20. mai, 2013

Vegard Fusche Moe  
Førsteamanuensis  
Høgskulen i Sogn og Fjordane

Frode Fretland  
Førstelektor  
Høgskulen i Sogn og Fjordane

## Innholdsliste

|   |    |
|---|----|
| Innleiing .....   | 1  |
| 1 Topprosjektet – konteksten for evalueringa .....                          | 2  |
| 1.1 Hovudmål og organisering .....  | 2  |
| 1.2 Ressursar og rammer .....   | 3  |
| 2 Evalueringsarbeidet .....   | 5  |
| 2.1 Mandat og mål .....   | 5  |
| 2.2 Evalueringsgruppa .....   | 5  |
| 2.3 Frå undervegs- til sluttevaluering .....                                | 6  |
| 2.4 Arbeidsprosessar og vurderingar i evalueringsgruppa .....               | 7  |
| 3 Prosjektevaluering .....  | 9  |
| 3.1 Prosjektlogikk .....  | 9  |
| 3.1.1 Mål og strategiar .....   | 10 |
| 3.2 Hovudintrykk frå to undervegsevalueringar og ei ny datainnsamling ..... | 11 |
| 3.2.1 Undervegsevaluering 2010 .....  | 11 |
| 3.2.2 Undervegsevaluering 2012 .....  | 12 |
| 3.2.3 Synspunkt frå vidaregåande skular .....                               | 13 |
| 3.2.4 Synspunkt frå særkrinsar .....  | 14 |
| 3.3 Ei vurdering av sentrale tiltak og deltakarmiljø .....                  | 15 |
| 3.3.1 Stimuleringssamlingar .....   | 15 |
| 3.3.2 Deltakarmiljø .....   | 17 |
| 4 Kompleksitet og dilemma i høve idrettsutvikling i Sogn og Fjordane .....  | 22 |
| 4.1 Talentutvikling i Noreg .....   | 22 |
| 4.2 Dilemma og spenningar .....   | 22 |
| 4.2.1 Frivillig innsats – profesjonell fagkompetanse .....                  | 23 |
| 4.2.2 Kortsiktig – langsiktig .....   | 24 |
| 4.2.3 Sentralisering – desentralisering .....                               | 24 |
| 4.2.4 Individ – lag .....   | 25 |
| 4.2.5 Utøvar – skuleelev .....  | 25 |
| 5 Sentrale tilrådingar .....  | 27 |
| Sluttnotar .....  | 30 |



## Innleiing

Denne rapporten skildrar evalueringsarbeidet som har vore gjennomført i prosjektet «TOPP – idrettsutvikling for ungdom 16-19 år» (heretter kalla for «TOPP» eller «Topprosjektet») frå 2009 til 2013. Rapporten er laga på oppdrag av Sogn og Fjordane Idrettskrins (SFIK) og Styringsgruppa i Topprosjektet. Det er Høgskulen i Sogn og Fjordane, Institutt for idrett (HiSF-idrett), som har gjennomført evalueringsarbeidet. Rapporten presenterer arbeidet med sluttevalueringa av TOPP, ei evaluering som har utspring frå fleire undervegsevalueringar frå særleg to år, 2010 og 2012.

Sluttevalueringa handlar om å sjå dei tidlegare evalueringane i samanheng og henta inn ny informasjon om status i prosjektet no når det er inne i sitt avsluttande halvår. Rapporten gir uttrykk for kva kunnskapar og lærdom ein kan henta frå erfaringane i Topprosjektet slik at ein i komande år kan nyttiggjera seg av denne for å utvikla idrettsrørsla i Sogn og Fjordane til det beste for relevante partar.

Rapporten som følgjer har fem delar. Del 1 beskriv bakgrunnen og konteksten for evalueringa, Topprosjektet. Del 2 tek kort opp kva evalueringsgruppa har arbeidd med og korleis ein har tenkt rundt evalueringsarbeidet. Del 3 presenterer vurderinga av Topprosjektet. Me gjer ei vurdering av prosjektlogikken, går inn i sentrale tiltak, presenterer kva som har skjedd i deltakarmiljøa og korleis desse har respondert på prosjektet. I del 4 tek me opp nokre gjennomgåande dimensjonar og spenningar i prosjektet og me bruker desse til å sjå framover for å reflektera omkring kva ein bør vera merksam på i utviklinga av framtidige prosjekt for ungdomsidrett i Sogn og Fjordane. Del 5 presenterer kort og oppsummerande nokre hovudtilrådingar frå prosjektet.

# 1 Topprosjektet – konteksten for evalueringa

SFIK og Sparebanken Sogn og Fjordane (SSF) arbeidde våren 2008 for å få til ein avtale der idrettsleg utvikling av unge utøvarar i Sogn og Fjordane var hovudmålet. Arbeidet resulterte i prosjektplanen: «TOPP – idrettsutvikling for ungdom 16-19 år».<sup>1</sup>

Prosjektplanen var grunnlaget for ein sponsoravtale der SSF gjekk inn med 1,2 mill. kr i året i tre år, med opsjon på ytterlegare to år. Samarbeidsavtalen vart forlenga med to år i oktober 2010 med ein årleg sum på 1,3 mill. kr.<sup>2</sup>

## 1.1 Hovudmål og organisering

Hovudmålet med prosjektet var å «*styrke aktiviteten, kunnskaps- og kompetanseutviklinga i idretten i Sogn og Fjordane gjennom lokal oppfølging*».<sup>3</sup> Utøvarane skulle vera i fokus, men prosjektet skulle også involvera trenarar og støtteapparat lokalt.

SFIK definerte rammene for prosjektet, men aktiviteten skulle primært gå føre seg lokalt i ulike idrettsmiljø i fylket. Særkrinsar og idrettslag var ikkje med å uforma prosjektplanen, men vart invitert til å melde inn utøvarar/miljø til prosjektet i slutten av august 2008.

SFIK har vore eigar av prosjektet medan Idrettssenteret A/S i Sogndal fekk det operative ansvaret. Eirik Solberg Nedrehagen vart tilsett som prosjektleiar (underlagt dagleg leiar av Idrettssenteret).

Det vart nemnt opp ei eiga styringsgruppe med representantar frå SFIK, SFF, Særkrinsane (lagidrettar og individuelle idrettar), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Idrettssenteret A/S

Styringsgruppa hadde sitt første møte 31.10.08, der dei tok ut dei første miljøa:

- Førde Volleyballklubb
- Kaupanger idrettslag, fotball damer
- Team Statkraft Nordfjord skiskyting

Seinare på hausten vart tre nye miljø tekne ut:

- Sogn og Fjordane Skikrins juniorkrinslaget
- Norges Handballforbund region vest, Gloppen handballklubb
- Sogn og Fjordane Friidrettskrins regionallag (dette miljøet vart sett på vent og til slutt teke ut av prosjektet fordi dei ikkje fekk organisert eit regionlag)

I juni 2010 vart to nye miljø tekne ut:

- Førde IL, fotball
- Førde IL, handball



Til kvart einiskild miljø vart det knytt opp ein kontaktperson. Hausten 2011 var det totalt 120 utøvarar som var målgruppe for prosjektet (15 utøvarar i kvar av miljøa Kaupanger fotball, Gloppen handball, skiskyting i Nordfjord og juniorkrinslaget på ski, samt 20 i kvar av dei tre miljøa frå Førde).


Prosjektet har óg hatt ei ressursgruppe å støtta seg på sett saman av folk frå SFIK, Idrettssenteret og fagtilsette ved HiSF. Sjå vedlagt modell på side 4 over organiseringa av prosjektet som prosjektleiinga har utvikla sjølv. Merk at modellen har blitt utvikla etter kvart som miljø har kome til.

## 1.2 Ressursar og rammer

I løpet av prosjektperioden har ressursramma vore på 6,3 millionar kr. Desse har grovt sett vorte brukt slik:

- Prosjektleiing og sportsleg tilrettelegging: ca. 4,57 mill. kr.
- Testing og utstyr: ca. 0,57 mill. kr.
- Administrasjon (SFIK), møteverksemd og reiser: ca. 0,5 mill. kr.
- Fellessamlingar: ca. 0,5 mill. kr.
- Evaluering: 160 000 kr.

Reknar ein i prosent, kan dette framstillast som i oversikta nedanfor.



Figur 1: Prosentvis oversikt over ressursbruk i Topprosjektet

Presentasjonen ovanfor over ressursbruken er grovmaska. For detaljar kring budsjett og rekneskap syner me til Prosjektrapport nr. 5 DM-607361.<sup>4</sup>

Sponsor



Prosjekteigar



Utøvande instans



Årlege økonomiske rammer: 1 300 000,-

### Styringsgruppe

**Leiar:** Anne Leversund, Sogn og Fjordane Idrettskrins  
**Prosjektleiar og sekretær:** Eirik Nedrehagen, Idrettscenteret A/S  
**Medlemar:**

Rasmus Stokke, Kari Aaberge, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Per Arne Strand, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Anders Felde, Særkrinsane for individuelle idrettar,

Arvid Gimmedstad, Særkrinsane for lagidrettar, Reiel Haugland, Sparebanken Sogn og Fjordane, Kolbjørn Rydvang, Idrettscenteret A/S

### Ressursgruppe framdrift av TOPP-idrettsutvikling

Eirik Nedrehagen, prosjektleiar, Svein Inge Sunde, prosjektmedarbeidar, Kolbjørn Rydvang, dagleg leiar Idrettscenteret A/S, Anne Leversund, prosjekteigar, Ingar Breiliid, stimuleringsamlingar, Atle Sæterbakken, Asgeir Mamen, Christian Frøyd, Amund Riiser, fagkonsulentar Hisf, Vidar Andresen, Dag Andre Mo, Rune Loven, tilsette/fagkonsulentar Idrettscenteret A/S

**Kontakt:**  
Eirik Nedrehagen

**Gloppen Handballklubb**  
Ingrid Heien og Øystein Sundal  
**Firda VGS.**  
15 utøvarar

**Kontakt:**  
Eirik Nedrehagen

**Kaupanger IL**  
Fotball, damer  
Marius Lenni Bøe  
**Sogndal VGS.**  
20 utøvarar

**Kontakt:**  
Svein Inge Sunde

**Førde IL, fotball, herrer**  
Torbjørn Glomnes  
**Hafstad og Øyrane VGS.**  
10 utøvarar

**Kontakt:**  
Svein Inge Sunde

**Førde Volleyballklubb**  
Frank Kalstad/  
Synnøve Iversen  
**Hafstad og Øyrane VGS.**  
15 utøvarar

**Kontakt:**  
Svein Inge Sunde

**Førde IL, Handball**  
Odd Erik Gullaksen  
**Hafstad og Øyrane VGS.**  
15 utøvarar

**Kontakt:**  
Eirik Nedrehagen

**Team Statkraft**  
Nordfjord  
Anders Vonheim  
**Eid og Stryn VGS.**  
15 utøvarar

**Kontakt:**  
Eirik Nedrehagen

**Sogn og Fjordane Skikrins,**  
juniorkrinslaget langrenn  
Per Sigve Selseng  
**Ulrike VGS.**  
15 utøvarar

### Tiltak

Stimuleringsamlingar, treningsamlingar, lokal oppfølging teoretisk og praktisk, erfaringar på tvers av miljø, testing

### Evaluering

Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vegard Fusche Moe, Birte Barsnes, Frode Fretland, Joar Fosøøy



SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS



- vår samarbeidspartner

## 2 Evalueringsarbeidet

Denne delen beskriv mandatet og målet til evalueringa, kven som har vurdert prosjektet, kva evalueringsgruppa har gjort av arbeid i prosjektet og korleis gruppa har arbeidd.

### 2.1 Mandat og mål

Det er Idrettskrinsen og Styringsgruppa i TOPP som har bedd HiSF-idrett om å evaluera prosjektet. Bakteppet for dette går tilbake til våren 2009. Då gav prosjektleiar Institutt for idrett ei orientering om prosjektet. Instituttet responderte på orienteringa med å presentera framlegg til samarbeid om moglege evalueringstiltak og FoU-prosjekt i TOPP. På basis av desse framlegga vart det løyvd 60 000 kr til evalueringstiltak undervegs i prosjektet. Seinare skaffa Idrettskrinsen 100 000 kr frå Norges idrettsforbund. Også desse midlane vart øyremerkt til vidare evalueringstiltak i prosjektet. I sum har det altså blitt sett av 160 000 kr til evalueringsarbeidet.

Evalueringsgruppa sitt mandat har vore å vurdere kvaliteten, verdien og gjennomføringa av prosjektet, samt å peika på område som kan forbetrast. Dette er ei målsetjing me har delt i to. På den eine sida kan ein ikkje seia noko om den overordna kvaliteten, verdien og gjennomføringa av eit prosjekt før det er fullført eller nær ved å bli fullført. Å seia noko om den overordna kvaliteten og verdien til prosjektet er dermed målet til sluttvurderinga som denne rapporten er eit uttrykk for.

På den andre sida kan ein undervegs i prosjektperioden undersøkje styrkar og utviklingspunkt for å kunna gje tilbakemelding til eigarane og drivarane av prosjektet slik at ei vidare utvikling av prosjektet kan finna stad medan prosjektet er i gang. Dette har vore intensjonen til evalueringstiltaka me har brukt undervegs i prosjektperioden.

Oppsummerande har me altså skilt mellom to føremål med evalueringsarbeidet. Føremålet med evalueringsarbeidet undervegs i prosjektperioden har vore å fremja læring og utvikling for eigarar, drivarar og deltakarar i Topprosjektet ved å koma i dialog med sentrale aktørar og gje tilbakemeldingar til dei undervegs i prosjektperioden. Så har føremålet med sluttvurderinga vore å gje eit overordna, heilskapleg bilete av kvaliteten, verdien og gjennomføringa til prosjektet ved å sjå tilbake og summera opp kva som er gjort i prosjektet for å kunna vurdere dette og bruka kunnskapen til nytte i komande prosjekt.

### 2.2 Evalueringsgruppa

Gruppa som har vurdert prosjektet har vore sett saman av tilsette ved HiSF-idrett. Kjernegruppa har bestått av Vegard Fusche Moe, Frode Fretland og Birte Barsnes. Dei har vore med i heile evalueringsperioden frå 2009-2013. Asgeir Mamen var med på delar av evalueringsarbeidet i 2010, medan Joar Fossøy og Lars Tore Ronglan har vore med i arbeidsgruppa sidan 2012. Ronglan er tilsett i hovudstilling ved Norges idrettshøgskole og i strategisk toarstilling (20%) ved HiSF-idrett med ansvar for å styrka arbeidet kring talentutvikling og læringsprosessar i idrett.

I tillegg oppretta evalueringsgruppa ei ekstern referansegruppe som har blitt konferert ved ulike høve. Den eksterne referansegruppa har vore sett saman av:

- Professor Gunnar Breivik, Norges idrettshøgskole
- Professor Yngvar Ommundsen, Norges idrettshøgskole
- Førsteamanuensis Lars Tore Ronglan, Norges idrettshøgskole
- Professor emeritus, Lars-Magnus Engström, Gymnastik och idrottshögskolan, Stockholm

Ronglan gjekk ut av referansegruppa og vart ein del av evalueringsgruppa etter at han byrja i toarstilling ved HiSF-idrett i januar 2012.

## 2.3 Frå undervegs- til sluttevaluering

Evalueringsperioden strekk seg over fire år frå april 2009 til april 2013. På desse åra har me gjennomført alt frå uformelle samtalar med prosjektleiar, ressurspersonar, førelesarar, deltakarar, trenarar, kontaktpersonar og styringsgruppe til formelle og planlagde undersøkingar der me har henta inn data for å kunna gjera ei systematisk vurdering av prosjektet. I korte trekk kan evalueringsarbeidet framstillast som i oversikta nedanfor.

Tabell 1: Ei oversikt over evalueringsarbeidet

| 2009  | 2010  | 2011   | 2012  | 2013  |
|---|---|--|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• 2 notat til styringsgruppa om evalueringstiltak</li> <li>• Deltaking på 2 stimulerings-samlingar</li> <li>• Samtalar med prosjektleiar</li> <li>• Gjennomgang av sentrale dokument</li> <li>• Presentasjon i styringsgruppa av evalueringstiltak i desember</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Intervju av kontaktpersonar med kort notat til styringsgruppa</li> <li>• Deltaking på 2 stimulerings-samlingar</li> <li>• Spørjeundersøking med deltakarar, trenarar og kontaktpersonar som resulterte i:</li> <li>• Rapportering for styringsgruppa i desember</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdering av møterapport om startkveld frå Idrettskrinsen</li> <li>• Orienteringsnotat til styringsgruppa om vidare evaluering</li> <li>• Deltaking på 2 stimulerings-samlingar med kort notat til prosjektleiar</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Deltaking på 2 stimulerings-samlingar</li> <li>• Møte og intervju som danna basis for undervegs-evaluering med:</li> <li>• mellombels delrapport til styringsgruppa i mai</li> <li>• sluttrapport til styringsgruppa i august</li> <li>• orientering i idrettskrinsstyret i oktober</li> <li>• Møtte i styringsgruppa i desember for å drøfta fokus på sluttevalueringa</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sluttevaluering i form av:</li> <li>• systematisering av tidlegare undervegs-evalueringar</li> <li>• innsamling av nye data frå vidaregåande skular og særkrinsar</li> <li>• samtalar med ressurspersonar</li> <li>• gjennomgang av rapportar frå prosjektleiar</li> <li>• Drøfting av sluttevaluering i styringsgruppa i mars</li> <li>• Presentasjon og offentleggjering av sluttevalueringa på stimulerings-samlinga i april</li> </ul> |

Som ein kommentar til oversikta har evalueringsgruppa lagt vekt på å ha jamleg kontakt med styringsgruppe, prosjektleiar og leiar for både Idrettskrins og Idrettssenter. I tillegg har me delteke gjennomgåande på stimuleringsamlingane for å danna oss eit inntrykk av samlingane, deltakarmiljøa og bidra til sentrale ressurspersonar som prosjektet henta inn frå eksternt hald. Så brukte me det første evalueringsåret i 2009 til å koma i gang med ulike undervegsevalueringar som varte fram til og med 2012. Det er desse som utgjer eit viktig grunnlag for sluttevalueringa i 2013.

Undervegsevalueringane frå 2009 til 2012 har først og fremst hatt ein *formativ funksjon*. I denne perioden har me vore opptekne av å skapa læring i prosjektet gjennom samtalar, observasjonar og spørjeundersøkingar med både prosjektdrivarar og -deltakarar. Framgangsmåten til evalueringsgruppa har vore å stilla spørsmål om sentrale haldepunkt i prosjektet for å skapa refleksjonar som me håpar har vore med på å *forma* prosjektet på ein klargjerande og bevisstgjerande måte.

Så uttrykkjer denne rapporten arbeidet med sluttevalueringa. Den er meint å ha ein *summativ funksjon*. Me har brukt sluttevalueringa til å gå tilbake til tidlegare undervegsevalueringar for å *summera opp* hovudintrykk samtidig som me har henta inn ny informasjon på eit tidspunkt der prosjektet går inn i sluttfasen. Me ønskjer i denne rapporten å sjå tilbake og gje eit overordna, heilskapleg bilete av lærdom og kunnskapar ein sit att med frå prosjektperioden for å kunna bruka denne kunnskapen til å sjå framover for å vidareutvikla tilsvarande prosjekt som TOPP i åra som kjem til det beste for idrettsrørsla i Sogn og Fjordane.

## 2.4 Arbeidsprosessar og vurderingar i evalueringsgruppa

Å evaluera handlar om å beskriva og vurdere.<sup>5</sup> Sidan me har vore fleire personar med på arbeidet, ønskjer me å seia noko om korleis me har tenkt og arbeidd. For å ta standpunkta i rekkjefølgje, har me nummerert dei.

1. Me har henta inn og analysert data både kvar for oss og i gruppe. Når me har arbeidd åleine, har dette blitt etterfølgt av felles diskusjonar der me har møtt kvarandre eller hatt ein telefon/e-postrunde for å koma fram til ei felles forståing av materialet.
2. Me har henta inn ulike typar data, både kvantitative og kvalitative, samt data frå fleire kjelder og partar i prosjektet (til dømes har me henta inn skriftlege kjelder i form av prosjektplan, møteprotokollar og årlege rapportar og munnlege kjelder i form av samtalar med ulike partar i prosjektet som prosjektleiing, styringsgruppe, etc). Dette for å sjå prosjektet frå ulike vinklingar. Slik har me prøvd å skaffa oss eit så breitt og godt bilete av prosjektet som mogleg og unngå å trekkja slutningar på basis av enkeltfunn.<sup>6</sup>
3. Me har sett på Topprosjektet som ein case-studie der me har utforska deltakarmiljøa over tid, og gjort samanlikningar mellom dei. Yin<sup>7</sup> beskriv dette som ein multippel case-studie. Tidssdimensjonen har gitt oss høve til å studera endringar over tid, medan dei ulike deltakarmiljøa har gitt døme på korleis prosjektintervensjonen har virka i ulike miljø og idrettar.

4. Me har valt ein utforskande og open måte å gjennomføra case-studien på. I staden for å rullera ut ei omfattande datainnsamling frå starten av, har me gått stegvis fram og prøvd å tilpassa innsamlings- og analysemetodar i takt med at prosjektet har gått seg til og i takt med synspunkt frå omgivelsane.
5. Sjølv om tilnærminga har vore open, har me lagt vekt på at arbeidet skal vera systematisk.
6. Me har prøvd å gjera evalueringsarbeidet nyttig eller handlingsrelevant. Me har vore opptekne av å forstå forholdet mellom prosjektets overordna målsetjingar og dei konkrete tiltak ein har brukt for å imøtekoma desse måla, og å gje konkrete tilrådingar om dette forholdet.
7. Me har tolka prosjektets mål til å vera breie med rom for mange tolkingar. Derfor har me vore meir opptekne av å forstå prosjektet som ein mangfaldig sosial praksis enn å måla klart definerte og avgrensa effektar av prosjektet. Av denne grunn har det også vore ei overvekt av kvalitative metodar i prosjektet.
8. Me har lagt vekt på å ha eit utviklings-, kunnskaps- og læringsfokus på evalueringsarbeidet som me håpar har vore til hjelp for å styrka prosjektet undervegs, samt å kunna forstå og læra av det. Kort sagt har me hatt ønskje om å vera med på å forbetra praksis.
9. Me har sett på oss sjølve som ei ekstern evalueringsgruppe som har henta inn og analysert data uavhengig av prosjekteigar og -leiar. Så må ein vera klar over at HiSF er representert med éin representant i styringsgruppa og kollegaer på Institutt for idrett har vore med som ressurspersonar i prosjektet. I tillegg har evalueringsgruppa vore i nær dialog med fleire sentrale aktørar i prosjektet i von om at evalueringsarbeidet har vore nyttig for å styrka kvaliteten og gjennomføringa av prosjektet. På denne måten har det vore ein naturleg nærleik mellom innhaldet i prosjektet og evalueringsgruppa sitt arbeid.
10. Me har hatt eit ønskje om å vera meir ute i klubbmiljøa og følgd dei tettare enn kva me har hatt kapasitet til, og me kunne til dømes ha gått testresultat meir nøyaktig etter i saumane. Men her meiner me at gjennomgangar av rapportar og synspunkt frå kontaktpersonar og prosjektleiing har gitt oss ei god forståing av prosjektperioden.


### 3 Prosjektevaluering

I denne delen presenterer me ei vurdering av Topprosjektet. Først følgjer evalueringsgruppa tolking av ein overordna prosjektlogikk. Deretter vert det synt til to tidlegare evalueringsarbeid og -år, 2010 og 2012, samt ei ny datainnsamling våren 2013, for å visa til utviklingstrekk i prosjektperioden. Deretter følgjer ei vurdering av sentrale tiltak og tendensar i deltakarmiljøa.

#### 3.1 Prosjektlogikk

Frå prosjektplanen kan ein lesa om både bakgrunnen og hovudmålet til TOPP. Bakgrunnen har, i følge SSF og SFIK vore å leggja til rette for nye kunnskapar og kompetansar i nokre utvalte gode klubbmiljø slik at endå fleire utøvarar i fylket kan utvikla seg vidare og prestera godt i idretten sin. Som prosjektplanen spesifiserer; «Utøvarane vil være hovudmålet for prosjektet, men involvering av trenarar og støtteapparat er heilt avgjerande» (s. 2). Ut frå denne bakgrunnen vart prosjektmålet å styrke aktivitets-, kunnskaps- og kompetanseutviklinga i idrett i fylket gjennom lokal oppfølging. Prosjektplanen operasjonaliserer kompetanse til å omfatta «kunnskap, erfaringar, ferdigheiter, verdiar og haldningar» (s. 2).

Me har vurdert dette til å vera eit kompetanseutviklande prosjekt der den primære brukargruppa er utøvarane mellom 16-19 år, og der ein også ønskjer å byggja varige strukturar rundt utøvarar som kjem og går ved å påverka kompetanseutviklinga i sentrale klubbmiljø via lokal oppfølging. I sum skal kompetanseutviklinga lokalt vera med på å styrka idrettsrørsla i Sogn og Fjordane – ei styrking som skal føra til at fleire utøvarar kan utvikla seg vidare og prestera godt. Nedanfor har me laga ein enkel modell over logikken i prosjektet slik me har vurdert den.



Figur 2: Prosjektlogikken i TOPP<sup>8</sup>

Modellen er, som modellar flest, ei sterk forenkling av verkelegheita og kan dermed utviklast. Under prosjektboksen til venstre i figuren kan ein supplera med dei berande tiltaka i prosjektet som har vore stimuleringsamlingar, treningssamlingar, lokal oppfølging i teori og praksis, erfaringsutveksling på tvers av miljø, testing, basistrening og samarbeidet til vidaregåande skule. Under boksen i midten kan ein følgja prosjektplanen si operasjonalisering av kompetanseomgrepet slik at tiltaka skal påverka eit underliggjande behov om å styrka kunnskapar, erfaringar, ferdigheiter, verdiar og haldningar hjå deltakarane. Alt dette skal virka positivt på utøvarane og miljøa rundt dei slik at fleire kan utvikla seg og prestera betre – noko som kan gje gode opplevingar på idrettsbana og dermed

styrka både samhald og identitet kring idretten i fylket. Ut frå dette presenterer me ein meir utfyllande modell over prosjektet.



Figur 3: Flytskjema over tiltak, kompetansar og moglege utfall av TOPP

### 3.1.1 Mål og strategiar

Utøvarane har vore dei primære brukarane av prosjektet og deira vilkår for læring og utvikling har vore hovudmålet for prosjektet. Dette har hatt ei tydeleg lokal forankring. Prosjektet har lagt vekt på at kunnskapen skulle sitta att i miljøa og klubbane utøvarane tilhøyrrer. Dermed har trenarar og støtteapparatet også vore viktige målgrupper. Å utvikla ein god treningskultur ute i miljøa og klubbane, prega av utviklingsorienterte og «svoltne» utøvarar, samt eit engasjert og kunnskapsrikt støtteapparat, vart eit viktig arbeidsmål for prosjektet.

Strategien for å få til dette har vore fleirdelt. Dei uttekne miljøa i prosjektet måtte gjennom ein klubbutviklingsprosess. Dette gjaldt også for to utviklingsmiljø i regi av særkrinsane, skiskyting og langrenn. Oppstarten til denne prosessen føregjekk gjennom ein startkveld. Den vart brukt til å informera om Topprosjektet og avklara status på sentrale klubbutviklingsområde. Frå dette laga ein til fokusområde og tiltaksplanar som skulle setta fart i lokale utviklingsprosessar. Seinare utvikla prosjektleinga framdriftsplanar og aktivitetsplanar.

Eit sentralt område for prosjektet har altså vore lokal oppfølging av treningsarbeidet. Det har føregått på fleire plan. Miljø har fått gjennomført alt frå treningsøker med høgt kompetente trenarar i kortare eller lengre tid, til treningsoppfølging og kontroll av trening og prestasjonar ved hjelp av testing. Prosjektleiar allierte seg med fleire sentrale fagpersonar ved idrettssenteret i Sogndal og HiSF-idrett for å sikra god oppfølging ute i lokale treningsmiljø og klubbar.



Ein anna viktig strategi for utvikla kunnskap var to årlege stimuleringsamlingar på tvers av idrettsgreinene. Desse var innretta mot deltakarmiljøa, men dei var også tilgjengelege for alle klubbane i fylket. Stimuleringsamlingane skulle gje nye kunnskarar i både teori og praksis, gje utøvarane og trenarane høve til å utveksla erfaringar og læra av kvarandre, gjerne på tvers av idrettsgreinene. Samlingane gav fine mulegheiter for prosjektleiinga til å skapa fellesskap rundt eit stort prosjekt.

I prosjektplanen ser ein at det er eit tydeleg premiss at tilbodet frå TOPP ikkje skulle vera idrettsspesifikt. Teknikk og taktikk innanfor dei ulike idrettsgreiene skulle ikkje vera faktorar som prosjektet ville tilføra spesiell kunnskap om. Kunnskapen som vart tilført skulle vera på generell basis. Basistrening, i form av styrke, uthald, motorikk, kost, motivasjon og liknande har vore eit tydeleg spor i prosjektet.

I den vidare evalueringa av tiltak har me gjort ei todeling. Me løftar fram stimuleringsamlingane som eit viktig felles tiltak og har gjort ei eiga vurdering av desse. Så har me gått inn på dei ulike deltakarmiljøa for å gje eit bilete av kva som har føregått i desse. Her kjem me dermed inn på arbeidet og tiltaka som har vore oppe lokalt. Men først følgjer hovudinstrykk frå to undervegsevalueringar.

## **3.2 Hovudinstrykk frå to undervegsevalueringar og ei ny datainnsamling**

Dei mest aktive evalueringsåra har vore 2010, 2012 og 2013. Dei to første åra, 2010 og 2012, dannar eit viktig bakteppe for hovudinstrykk som er med på å forma sluttevalueringa me gjer oss i denne rapporten. Derfor presenterer me to resymé av hovudinstrykk frå desse evalueringsåra. Merk at når evalueringa frå 2010 vart gjennomført, hadde prosjektet gått seg til i dei tre første deltakarmiljøa; Førde Volleyballklubb, Kaupanger idrettslag fotball damer og Team Statkraft Nordfjord skiskyting. Då evalueringa for 2012 vart gjennomført, var alle sju miljøa oppe og gjekk og prosjektet hadde funne si form. Desse to undervegsevalueringane har primært hatt hovudfokus på erfaringar frå deltakarmiljøa, men som ein del av sluttevalueringa har me også henta inn synspunkt frå samarbeidspartnarar i prosjektet – vidaregåande skule og særkrinsar. Desse følgjer til slutt i denne delen etter undervegsevalueringane.

### **3.2.1 Undervegsevaluering 2010**

I 2010 gjennomførte me ei større spørjeundersøking blant utøvarar, trenarar, leiarar og andre i støttefunksjonar rundt utøvarane. Den låge svarprosenten blant utøvarane i prosjektet vart ei utfordring når ein skulle tolka datamaterialet, men god tilgang på tilbakemeldingar frå både prosjektleiar, kontaktpersonar og andre ressurspersonar i prosjektet vog til dels opp for dette.

Svara frå undersøkinga viste at mange hadde delteke på eitt eller fleire tiltak. Hovudkonklusjonen var at prosjektet var eit positivt tiltak som dei fleste av deltakarane hadde fått noko ut av. Mange la vekt på at kompetansesida generelt var styrka. Det var og heilt klart ynskje frå dei involverte at prosjektet skulle vidareførast.

Meir konkret var hovudintrykket på sentrale punkt:

**Utdanning:** Dei fleste av utøvarane gikk på idrettslinje. Mange har dermed god generell idrettsleg kompetanse. Deira ynskje var i større grad spesifikk oppfølging. Dette leda mot at det måtte vera viktig å samarbeida med ressurspersonar lokalt (t.d. kontaktlærarar/trenar)

**Aktivitetsdeltaking:** Mange har delteke på stimuleringssamlingar og vore med på testing i regi av Idrettssenteret i Sogndal. Både startkveldane, stimuleringssamlingane, testinga og den lokale tilrettelegginga vart vurdert til å ha god kvalitet.

**Kor viktig var Topprosjektet?** Mange utøvarar opplever Topp-prosjektet som lite viktig når det gikk på eiga utvikling. Dette kan ha å gjera med at Topp-prosjektet ikkje var komen godt i gang på det tidspunktet for ein del miljø. Lagidrettane var langt meir nøgde enn individuelle idrettane.

**Overføring av kompetanse og lokal oppfølging:** Mange synest at prosjektet tilførte kunnskap og ga praktisk ferdigheit i lokalt treningsarbeid, men det var forskjell på lagidrettane og dei individuelle idrettane. Lagidrettane var langt meir nøgd med kompetanseoverføring til eige miljø. Representantar frå dei individuelle idrettane ville ha meir idrettsspesifikk kunnskap til bruk i dagleg treningsarbeid. Generelt var tilbakemeldinga klar på manglande overføring av tverridrettsleg kompetanse.

**Verdiar og haldningar:** Lagidrettane hadde høgare tilfredsheit med auka verdiar og betre haldningar. Dei individuelle idrettane var meir skeptiske til om deltaking gjev nokre endringar i haldningar og verdiar.

**Utfordringar:** Prosjektplanen understrekar at tilboda ikkje skulle vera idrettsspesifikke og heller ikkje dreia seg om teknikk og taktikk. Det kan verka som om dette ikkje samsvarte med forventningar ute i miljøa. Der var det eit klart ynskje om meir direkte oppfølging på kvardagslege utfordringar i treningsarbeidet. Særleg gjaldt dette dei individuelle idrettane. Leiarane i desse idrettane ynskte at ein større del av ressursane skulle nyttast lokalt i dei einskilde idrettsmiljøa. Dei fleste miljøa hadde likevel utydelege målformuleringar, og dermed hadde dei heller ikkje heilt klart føre seg kva som skulle koma ut av Topprosjektet.

### 3.2.2 Undervegsevaluering 2012

I evalueringa utført i perioden januar til august 2012, ynskja evalueringsgruppa å sjå på kva som var gjort og kva stoda var i dei ulike miljøa. Forventingar i dei ulike miljøa hadde til det siste prosjektåret vart undersøkt saman med tankar involverte partar hadde om Topprosjektet som ein regional utviklingsmodell for unge utøvarar i fylket.

**Kva var gjort?** Prosjektleiinga var meir synleg i treningskvardagen i nokre av miljøa i siste del av prosjektperioden og vårt inntrykk generelt var at det var god kontakt mellom prosjektleiing og dei ulike miljøa. Ballidrettane brukte prosjektet meir direkte i treningskvardagen, medan skiidrettane fyrst og fremst hadde kontakt med prosjektet i samband med samlingar der dei også gjennomførte

testing. Miljøa uttalte at dei generelt var nøgde med Topprosjektet, men det vart òg streka under at prosjektet ikkje kunne ta all ære for framgang og nye steg kunnskapsmessig. Skimiljøa oppfatta TOPP mest som eit samlingsbasert initiativ gjennom stimuleringsamlingane og testinga som føregjekk ved Fosshaugane Campus i Sogndal. Stimuleringsamlingane vart positivt omtala og til inspirasjon for både trenarar, leiarar og utøvarar. Fleire av fagpersonane hadde òg fysiske økter med deltakarane i prosjektet, og trenarar og utøvarar trakk fram at dette gav dei ny kunnskap og «a-ha-opplevingar» som dei tok med heim att til klubbane.

**Kva var stoda i dei ulike miljøa?** Leiarar og trenarar gav uttrykk for at dei var kjente med prosjektet og kva prosjektet kunne tilby. I nokre miljø hadde prosjektleiinga gitt støtte til å få gjennomført idear og planar for utvikling miljøa sjølve tok initiativ til. Eit døme var samarbeid med vidaregåande skule. I andre miljø hadde prosjektet introdusert nye tankar eller tilbod som basistrening, styrketrening, treningsdagbok på nett mm. Eitt miljø fortalde at dei hadde fått eit meir profesjonelt fokus med auka treningsmengde og betre kvalitet på trening.

**Forventningar?** Fleire av deltakarane håpa at Topprosjektet ville fortsetje med oppfølging og tilrettelegging gjennom til dømes stimuleringsamlingar. Eit av skimiljøa forventa å få fullført testing som ein hadde starta på då desse testrundane gav læring i form av betre kunnskap. Fleire av utøvarane håpa òg på eit vidare samarbeid i ein eller anna form etter at prosjektet blir avslutta i august 2013.

**Topprosjektet som ein regional utviklingsmodell?** Då evalueringsgruppa utfordra trenarar og utøvarar om tankar knytt til topprosjektet som ein regional utviklingsmodell for unge utøvarar i fylket, var det nokre tema som gjekk att. Fleire nemnte at nøkkelen for å vidareutvikla miljøa var meir kunnskap til trenarar og leiarar. Trenarar og leiarar fortalte at dei hadde utvikla seg og teke nye steg noko som tyder på at prosjektet har bidrege til å bevisstgjera kva som kravst i dei ulike miljøa. Fleire utøvarar framheva òg at prosjektet har vore med på å gjera dei meir bevisste på treningskvalitet og restitusjon gjennom nøkkelord som basistrening og skadeførebyggjande trening.

**Utfordringar:** Av utfordringar og vegen vidare skisserte evalueringsgruppa fleire aktuelle problemstillingar. Er det meir å hente i samarbeidet mellom vidaregåande skule og Topprosjektet? Har informasjonsflyten generelt vore god nok? Har oppfølginga i treningskvardagen for alle deltakarmiljøa vore god nok? Har det vore tilstrekkeleg med samarbeid på tvers av miljøa? Korleis kan ein best dra nytte av kvarandre med stikkord som klubb utvikling, kompetanseheving kompetanseutvikling og auka samarbeid?

### 3.2.3 Synspunkt frå vidaregåande skular

Gjennom ei ny datainnsamling våren 2013 har tre av dei vidaregåande skulane i fylket gitt innspel til evalueringa. Evalueringsgruppa har vore oppteken av å få tak på i kor stor grad skulane har vorte involvert i prosjektet. To av skulane svarte at prosjektleiar var aktiv med kommunikasjon i starten, men at det vart mindre og meir sporadisk kontakt etter kvart. Ein skule svarte at prosjektleiing ikkje har hatt direkte kontakt med skulen, men at det har vore dialog og samarbeid omkring

elevar/utøvarar frå involverte miljø i prosjektet. Initiativ til samarbeid knytt til elevar/utøvarar er teke frå både skulen si side, krins og frå klubb.

For nokre utøvarar/miljø har det vore samarbeid med skulen i fleire år (i forkant av prosjektet). To av skulane svarte at samarbeidet med involvert miljø har blitt utvida det siste skuleåret. Skular leiger no inn trenarar frå involvert miljø for å ta seg av den faglege delen.

Når det gjeld tilbakemeldingar som er knytt til positive og negative sider ved prosjektet og samarbeidet med vidaregåande skule, er tendensen at det er positivt og viktig at skulen blir rekna som ein del av ei toppidrettssatsing fordi skulen har ei sentral rolle for aldersgruppa prosjektdeltakarane er i, dvs. 16-19 år. På den andre sida kunne skulane tenkt seg å vore meir involverte i jobbinga opp mot deltakarmiljøa og dei kunne tenkt seg å fått tatt større del i kunnskapen og kompetanseutviklinga som har vore ein del av prosjektmålet. Når det er sagt, må det leggstil at dei vidaregåande skulane har fått invitasjon til Stimuleringssamlingane, men at dei i liten grad har teke del i desse arrangementa.

Evalueringsgruppa vil elles leggja vekt på at det har vaks fram fleire gode samarbeid mellom prosjektets deltakarmiljø og vidaregåande skule. Det ser ein tydelegare når kvart einskild satsingsmiljø i Topp blir gjennomgått.

### 3.2.4 Synspunkt frå særkrinsar

I tillegg til skulane har og nokre særkrinsar gitt innspel til evalueringsgruppa våren 2013. Tidlegare undersøkingar har vist at det har vore ei spenning mellom det spesifikke idrettstilbodet som ein finn i særkrinsane og det breie og meir generelle sporet om basistrening som Topprosjektet fokuserer på. Derfor var det interessant å finna ut kva kjennskap og synspunkt særkrinsane hadde til prosjektet.

Tre av særkrinsane svarte. Krinsane legg vekt på manglande involvering i utforminga av prosjektet, noko som har medført redusert engasjement for prosjektet for deira del. Ein særkrins kommenterer dette slik: «Dårleg involvering av særkrinsane i utforminga av prosjektet, har m.a. medført at prosjektet ikkje har lukkast med å treffe særiddrettane sine behov for fagleg utvikling.»

Nokre særkrinsar uttalar seg og kritisk til prosjektplanen. Prosjektet kunne ha vore betre tilpassa idrettsrørsla og særiddrettane sine behov hevdar dei. Ein særkrins kommenterer dette slik:

Idrettskrinsen avgrensar prosjektet i tidleg fase til ikkje å vera idrettsspesifikt. Det betyr at Idrettskrinsen, utan dialog med særiddrettane, har vedteke at det er basistrening som er avgjerande moment innan Toppidrettsutvikling. Særiddrettsspesifikke behov, samarbeid krets og klubb, blir sett til side av prosjektgruppa, som alt har laga eit ferdig definert utviklingsmål utan ansvar for å sjå prosessen i eit større heile. Dersom utvikling av våre beste utøvarar mellom 16-19 år er målet, bør ei analyse av utøvararen sin totalsituasjon leggstil grunn, før ein definerer vidare utviklingsmål. Ein kan ikkje alltid ta det for gitt at det er basisdugleik som er viktigast der og då.

Når det gjeld samarbeid med prosjektleiing, klubb og særkrins undervegs i prosjektperioden svarer to særkrinsar at tilbakemeldingar frå involverte miljø tyder på at samarbeidet med prosjektleiing og miljø har fungert greitt, men at dialogen mellom særkrins og prosjektleiar har vore sporadisk.

Av andre positive eller negative aspekt la særkrinsane vekt på at det er positivt at ein prøver målretta å få til noko for dei beste utøvarane i fylket og at det blir løyvd vesentleg med pengar til dette. På den andre sidan tykkjer dei at for lite av midlane når ut til aktivitet og at for mykje ser ut til å gå til administrasjon. Dei strekar under at gode rapporteringsrutinar i høve til rekneskap, budsjett, tidsbruk og årlege resultat kunne gjort innsynet betre og entusiasmen større. I hovudsak ønskjer særkrinsane større medverknad i prosjekt av denne typen

### 3.3 Ei vurdering av sentrale tiltak og deltakarmiljø

Medan undervegsevalueringane ovanfor tydeleg peikar mot viktige fellestiltak som stimuleringssamlingar, har dei ulike deltakarmiljøa blitt ulikt påverka av prosjektet. I denne delen vurderer me først stimuleringssamlingane før me går inn på kva som har skjedd i dei ulike miljøa.

#### 3.3.1 Stimuleringssamlingar

Stimuleringssamlingar har vorte gjennomført to gonger årleg, ei samling på våren stort sett i april og ei samling på hausten i september eller oktober. Eit sentralt mål med stimuleringssamlingane har vore å betra idrettens kunnskap og kompetanse på ulike fagområde som strekkjer seg på tvers av dei ulike idrettane. Tema for samlingane har blant anna vore utøvarutvikling, coaching og mental trening, spesifikk/funksjonell trening, treningsfilosofi, basistrening, vinnarkultur, styrketrening og idrettsernæring. Førelesarane var høgt kvalifiserte utøvarar, trenarar og leiarar innanfor ulike fagområde i Noreg.

I tråd med målet til TOPP har det vore viktig å nå alle interesserte i fylket. Idrettskrinsen har dermed invitert heile idretten i Sogn og Fjordane til stimuleringssamlingane. For prosjektet sin del var det óg eit viktig poeng at kunnskap og kompetanse gitt ved stimuleringssamlingane vart overført til den lokale idretten, og spesielt innanfor dei miljøa som var ein del av TOPP. Samlingane har vore meint og gje utøvarar referansar i form av «beste praksis» på kva som må til for å bli topputøvar.


Tilbakemeldingane om stimuleringssamlingane frå trenarar, leiarar og utøvarar har vore gjennomgåande gode. Samlingane har vore til inspirasjon, dei har gjeve ny motivasjon og nye idear om korleis miljø kan utvikla seg. Ei rekkje kompetente førelesarar frå ulike fagmiljø har bidrege på samlingane, og dette har vorte trekt fram som positivt i alle tilbakemeldingane.

Evalueringsgruppa er likevel usikker på kor vidt samlingane konkret har greidd å overføra kunnskap og kompetanse til den lokale idretten då tal deltakarar frå dei ulike miljø har variert mykje frå samling til samling. Nokre av ballmiljøa har hatt jamn deltaking i heile prosjektperioden, medan

andre nærast har vore fråverande. Skiskytterne har vore representert ved dei fleste samlingane, medan langrenn har vore med litt mindre. Sjå tabell 2 og figur 4 nedanfor for kor mange som har delteke på samlingane.

Tabell 2: Tal deltakarar på stimuleringssamlingane frå deltakarmiljøa i prosjektet og totalt (deltakarar utover prosjektmiljøa).<sup>9</sup>

| Stimuleringssamling | Deltakarar frå miljøa | Totalt med andre deltakarar |
|---------------------|-----------------------|-----------------------------|
| 18.04.2009          | 20                    | 40                          |
| 17.10.2009          | 42                    | 91                          |
| 17.04.2010          | 23                    | 65                          |
| 23.10.2010          | 50                    | 131                         |
| 1.-2.04.2011        | 35                    | 163                         |
| 15.10.2011          | 29                    | 67                          |
| 14.04.2012          | 34                    | 60                          |
| 24.11.2012          | 10                    | 28                          |
| 20.04.2013          | 8                     | 48                          |
| <b>Totalt:</b>      | <b>251</b>            | <b>693</b>                  |



Figur 4: Tal deltakarar frå prosjektmiljøa på stimuleringssamlingane.<sup>10</sup>

Generelt må ein trekka fram at talet på deltakarar på stimuleringssamlingane vaks markant frå 2009-2011; særleg hausten 2010 og våren 2011 var dette ein suksess med godt over 100 deltakarar. Dei tre siste samlingane har deltakartalet gått ned. Det er ingen god forklaring på det varierende oppmøtet, men ei av utfordringane for idrettskrisen har vore å finne opne datoar for særiddrettane. Det har med andre ord vore nokre kollisjonar mellom primærmålgruppene, miljøa i særiddrettane og for særiddrettstrenarar og leiarar elles.

Eit naturleg spørsmål kunne vera om informasjonsflyten har vore god nok. Har alle involverte partar fått informasjon om desse samlingane? Frå idrettskrisen sin administrasjon har me fått greie på at hovudtyngda av informasjonsflyt har føregått elektronisk, men dei fyrste åra vart invitasjonar kopiert opp i papirformat og distribuert på ulike møtearenaer i framkant av samlingane. Nettsider er òg systematisk brukte, til dømes idrettskrisen sine sider, samt at særkrisane har vore oppmoda om å leggje ut invitasjonar og informasjon på sine nettsider. Det vart òg prøvd med annonsering utan at krisen trur at dette gav stor effekt. Informasjon om samlingane til media gav utslag i korte meldingar om arrangementa, samt noko medieomtale i etterkant av nokre av samlingane.

Invitasjonar til prosjektmedlemmane har gått til kvart einskild miljø der kontaktpersonane har distribuert invitasjonane til prosjektdeltakarar. Prosjektleder seier det har vorte brukt store ressursar på å informere og purre kvart enkelt miljø med tanke på påmelding. Invitasjonar er òg sendt til idrettslag, idrettsråd, særkrisar, vidaregåande skule med idrettsfag og til fagpersonar ved HiSF. Det har òg vorte sendt invitasjonar til deltakarar på tidlegare samlingar og etter kvart er det bygd opp ei e-postgruppe på om lag 400 e-postadresser.

Generelt sett trur ikkje krisen at mangel på informasjon har vore ein særleg avgrensande faktor for deltaking. Kampen om merksemd vert likevel stadig større og krisen tenkjer at ein kunne sett inn meir innsats for å få medieomtale i fram- og etterkant av stimuleringssamlingane. Samtidig må det påpeikast at det generelt har vore bra oppmøte på stimuleringssamlingane utanom miljøa. Samlingane har bidrege til at andre utøvarar enn dei i som er ein del av miljøa har delteke, til dømes Basic Convention med 163 deltakarar der berre 35 var deltakarar frå prosjektmiljøa.

### **3.3.2 Deltakarmiljø**

Me kjem no inn på kva som er gjort av arbeid og tiltak i dei ulike deltakarmiljøa og korleis miljøa har respondert på dette. Me tek miljøa i den rekkjefølgja dei kom inn i prosjektet.

#### ***Kaupanger IL, fotball dame***

Kaupanger sitt damelag i fotball har vore det beste laget i fylket i lang tid. Allereie ved prosjektstart kunne prosjektleder melda om eit godt treningsmiljø med gode haldningar, bra anlegg og tilrettelegging av trening i skuletida for dei aktuelle utøvarane i prosjektet. Dette har vore gjennomgåande i heile prosjektperioden. Den overordna målsetjinga for klubben har heile tida vore opprykk til 1. divisjon. Sesongen 2012 nådde dei målet og i år spelar dei altså i nest øvste divisjon for damer.

Kaupanger var den fyrste klubben som kom i gang med prosjektet. Startkvelden vart gjennomført i januar 2009 med godt oppmøte. På dette møtet vart fokusområde bestemt til å dreia seg om det å forbetra og systematisera treningskvardagen. Tiltaksplanen handla om treningsplanlegging, testing og oppretting av treningsgrupper. Det heile verka seriøst og laget fekk god oppfølging av prosjektleiar og andre ressurspersonar i prosjektet. Særleg inn mot fysisk trening har laget hatt god hjelp. Kaupanger er det laget som har hatt flest representantar på stimuleringsamlingane.

Etter kvart som spelarar forsvann ut av prosjektet, anten ved at dei flytta frå bygda, eller at dei vart for gamle for prosjektet, kom nye spelarar til. Dette medførte ei utfordring. Korleis skulle dei nye spelarane koma opp på treningsnivået og -intensiteten til dei som allereie hadde vore med i prosjektet ei stund? Differensiering av trening og individuelt fokus vart nye tiltak. Dette er døme på at det har vorte jobba dynamisk i prosjektet og løyst utfordringar som har dukka opp undervegs.

### *Team Statkraft Nordfjord*

Team Statkraft Nordfjord er eit skiskyttarteam med utøvarar frå fleire idrettslag i Nordfjord. Fleire av utøvarane frå dette miljøet har vist høg norsk og internasjonal standard. Utøvarane har vore elevar ved dei vidaregåande skulane i Eid og Stryn. Stryn VGS har «toppidrettslinje» med skiskyting der utøvarane har kunna trenast på idretten sin i skuletida. Utøvarane på Eid har hatt avtale med Eid VGS om to treningsøkter per veke i skuletida.

Dette teamet var det andre miljøet i prosjektet som gjennomførte Startkveld (mai 2009). Fokusområde for utøvarane vart frå starten av testing, styrketrening, basistrening og mental trening. Prosjektet har i perioden 2009-2012 særleg bidrege med kontroll av trening i form av testing. På generell basis var det eit mål å auka samhandling og få til konkretisering av ansvar (utøvar, team, klubb). Seinare vart i tillegg treningsplanlegging eit viktig punkt for å heva nivået på treningsarbeidet.

Teamet har operert samlingsbasert og mesteparten av treningsarbeidet for utøvarane har skjedd lokalt i idrettslaga. Dette gjorde det utfordrande for prosjektleiinga, særleg i dei fyrste åra, å fylgja utøvarane tett i treningskvardagen. Prosjektleiar skreiv i årsrapporten frå 2010 og at det var vanskeleg å finna konkrete utviklingsmål for dette miljøet. Året etter var tonen ein annan. Då kunne prosjektleiar melda om at dei fleste utøvarane var elevar ved Stryn VGS og at treningsarbeidet gjekk veldig bra med opp til fem fellesøkter i veka. Ein del av øktene jobba trenarar frå skulen og trenarar frå teamet i lag. Fellesopplegget er eit godt døme på fruktbart samarbeid mellom skule og idrett, men merk at dette skjedde fyrst etter at dei fleste utøvarane vart knytt opp mot Stryn VGS og «toppidrettslinja» for skiskyting.

Miljøet har også fått til samarbeid med krinslaget i langrenn noko som prosjektleiinga vurderer som fruktbart. Eit uttalt mål i prosjektplanen frå 2008 var å få til samarbeid på tvers av idrettane.



## *Førde Volleyballklubb*

Førde Volleyballklubb er ein av dei fremste volleyballklubbane i landet. Dette gjeld så vel junior og senior på både herre- og damesida. Klubben har stolte tradisjonar og har vorte rekna som ein av de førande rekrutteringsklubbane i norsk volleyball. Førde Volleyballklubb var det tredje miljøet som fekk i gang arbeidet opp mot Topprosjektet, i mai 2009.

I samarbeid med Topprosjektet såg ein her at det var eit rom for forbetring i treningsarbeidet. Prosjektleiar fekk eit klart inntrykk av at dette var ei gruppe utøvarar med uoversiktleg treningskvardag som hadde mykje å henta på styrka struktur og kvalitet i treningsarbeidet sitt.

På tilsvarande måte som utøvarane ved Eid VGS, hadde utøvarane i Førde Volleyballklubb som også gjekk på vidaregåande skule moglegheit til å trenast spesifikt for å bli betre i volleyball to gonger per veke i skuletida. Men for at dette skulle vera nyttig måtte haldningane til trening og kvaliteten på treningsarbeidet bli betre. Dette vart markant betre i løpet av prosjektperioden. Konkret har prosjektet bidrege med kompetanse rundt testing, styrketrening og då særleg på området basis-/kjernetrening.

Prosjektleiar skreiv i rapporten frå 2011 at dei utøvarane som var med frå starten av seinare vart premisleverandørar for god treningskultur og gode treningsrutinar. Dette står dermed fram som døme på at klubben har fått innarbeid ein god kultur for trening og utvikling.

## *Sogn og Fjordane skikrins, juniorkrinslaget i langrenn*

Dette miljøet kom med i prosjektet hausten 2009, men ikkje før våren 2010 kom ein i gang med konkret arbeid inn mot prosjektet. Då vart det gjennomført testing i Sogndal. På same måte som skiskyting var dette ei gruppe av utøvarar frå forskjellige delar av fylket, men i motsetnad til skiskyttarteamet som var samla i Nordfjord, og etter kvart mest i Stryn, var dette utøvarar frå heile fylket. Denne organiseringsforma har gjort det svært utfordrande for prosjektleinga. Miljøet har hatt mellom 20-40 samlingsdøgn i året i tillegg til konkurransar. Mesteparten av treningsarbeidet i løpet av eitt år har likevel skjedd lokalt i idrettslaga. Utfordringa for prosjektet har vore å nå utøvarane der dei har vore i kvardagen.

Når ein kjem til slutten av prosjektperioden, kan ein i dei årlege rapportane lesa om ei meir positiv utvikling, særleg på to område. Det eine er knytt til felles treningsmiljø. Hovudtyngda av utøvarane har anten hatt tilhald i området rundt Førde eller i Sogn. Det vil seia at det i større grad har vore muleg å få til felles treningsøktar utanom samlingane. I Sogn har ein dei to siste sesongane fått til éi fellesøkt i veka for utøvarane i prosjektet, leia av ein kapasitet innan uthaldstrening tilsett ved HiSF. Det andre er knytt til felles testsamlingar i Sogndal saman med skiskyttarane.

## *Gloppen Handballklubb*

Gloppen handballklubb kom med i prosjektet hausten 2009. Klubben har lange tradisjonar med handball og har hatt eit uttalt mål i prosjektperioden om å bli den beste utviklingsklubben for ungdom i Sogn og Fjordane. På startkvelden i august 2009 var det stort oppmøte og stort engasjement. Fokuset var på spelarutvikling og treningskultur, samt å få hjelp av Topprosjektet til trenarutvikling lokalt. Trass i denne positive stemninga i starten skulle det visa seg at det tok tid før dette miljøet fekk fart på utviklinga.

Ei utfordring som tidleg kom opp, og som har følgd laget i mange år, har vore mangel på halltid. Firdahallen har vore sprengd. Dette har gjort det vanskeleg for miljøet å få til nok handballtrening. Dermed har kanskje entusiasmen for auka satsing på handball ikkje vore til stades i målgruppa.

Mangel på treningstilbod kan vera forklaring på at prosjektet ikkje lykkast den fyrste tida, men det var ikkje heile forklaringa. I årsrapportar for prosjektet i 2009 og 2010 vart det stilt spørsmålsteikn ved seriøsiteten blant utøvarar og leiarar. Prosjektleiar skreiv i 2010: «*Miljøet treng å utvikle ein kultur der utøvarar og leiarar ser moglegheiter i staden for begrensingar*» I slutten av prosjektperioden har likevel dette synet snudd og miljøet fekk skryt for framsteg i treningsmengde, mentalitet og kulturutvikling. Eit særtrekk siste året har vore samarbeid med friidretten på Sandane om styrketrening og basistrening. Eit anna positivt utviklingstrekk har vore samarbeidet med Firda VGS. Elevar på idrettsfag har fått tilrettelagt handballtrening i skuletida.

## *Miljøa i Førde*

I 2010 vart det forsøkt danna eit større treningsmiljø som vart kalla «Førdemiljøet». Det var utøvarar frå Førde Volleyballklubb, Førde IL, fotball og Førde IL, handball. Prosjektet ynskte å skapa ein kultur og eit miljøløft på tvers av ballspela. Eit sentralt fokus har vore å påverka kjernemuskulaturen i kroppen gjennom ikkje idrettsspesifikk basistrening. Denne forma for trening trur ein er viktig for å kunne prestera optimalt i alle dei aktuelle ballspela. Ut frå rapportane er det vanskeleg å lesa om dette har lykkast. I rapporten frå 2011 står det at prosjektmedarbeidar opplevde det som vanskeleg å få kommunikasjon med dei ulike miljøa, men i 2012 vart det gjennomført felles tiltak i Førdehuset der utøvarane fekk honnør for god kvalitet og treningsiver. Grunntanken til dette tiltaket følgjer klart logikken som vart lagt i Prosjektplanen frå fyrste stund. Tilbodet for dei som var med i prosjektet skulle ikkje vera idrettsspesifikt, men heller dreia seg om styrketrening, spenst, uthald, mm.

## *Handball*

Dette er ei gruppe jenter i alderen 16-19 år som frå starten av spela handball for Førde sitt damelag i 3. divisjon. Alle tre åra har denne gruppa hatt fokus på auka kvalitet i treningskvardagen. Dei har og fått positiv omtale frå prosjektleiar i Topp for å vera treningsvillige og seriøse. Denne gruppa har hatt flott stigning i treningsarbeidet. Arbeidet i prosjektet har særleg hatt positiv effekt dei to siste åra. Laget har då sett styrketrening i system og fått oppfølging innan tema som basistrening, idrettsspesifikk fysisk trening, skadeførebygging og ernæring. Utøvarane har jamleg blitt testa.

Arbeidet har også bore frukter for den samla kvaliteten til handballaget. Førde-damene spelar no i 2. divisjon!

### *Fotball*

Fotballgruppa har vore ei lita utfordring i dette prosjektet. I utgangspunktet skulle tilbodet vera for gutar 16-19 som var stammen i 2. laget til Førde ved prosjektstart. Denne gruppa besto av spelarar som kjempa om å få opprykk til 1. laget. Prosjektet si rolle var å stimulera utøvarane til sportslege løft slik at dei kunne ta steget opp på 1.laget. Dei tiltaka som har vore gjennomført har hatt fokus på ressurstrening og særleg det å få sett styrketrening i system. I 2012 endra prosjektet hovudfokus til å gjelda utøvarar i alderen 14-16 år. Målsetnaden med det siste tiltaket har vore å skapa gode treningsrutinar i tidleg alder.

### *Sogn og Fjordane Friidrettskrins, regionlag*

Friidrettskrinsen var planlagt inn som deltakar prosjektet, men aktiviteten starta ikkje opp fordi det det ikkje vart semje om ein tilfredstillande organiseringsform. Fleire av friidrettsutøvarane i fylket har likevel vore med på stimuleringsksamlingar og slik sett fått impulsar og inspirasjon til trening gjennom prosjektet.

## 4 Kompleksitet og dilemma i høve idrettsutvikling i Sogn og Fjordane

Denne delen tek opp ein del dimensjonar og spenningar som me tykkjer det vil vera interessant å diskutera når ein bruker kunnskapar og erfaringar frå Topprosjektet og ønskjer å sjå framover for å stimulera til ytterlegare utvikling av idretten i Sogn og Fjordane gjennom nye prosjekt. Me har systematisert diskusjonen gjennom å plassera talentutviklingsarbeidet i eit overordna nasjonalt perspektiv for deretter å diskutera ulike dilemma gjennom nokre sentrale spenningar og omgrepsspar.

### 4.1 Talentutvikling i Noreg

Norsk konkurranseidrett er organisert innanfor ramma av ein frivillig organisasjon; NIF. Alle organisasjonsledd innanfor denne organisasjonen – klubbar, idrettskrinsar og særforbund/særkrinsar – bygger på ein organisasjonsstruktur prega av demokratisk valde styre og utstrakt dugnadsverksemd på alle plan. Frivilligheitskulturen utgjer ein bærebjelke i den norske idrettsrørsla og er avgjerande for så vel barne- og ungdomsidrett som eliteidrett.

Dette kjenneteiknet ved idrettsrørsla dannar fundamentet for talentutviklingsarbeidet i Sogn og Fjordane. Talentutviklinga må ha sin legitimitet innanfor den nasjonale og regionale idrettsorganiseringa.<sup>11</sup> Satsing på barneidrett, ungdomsidrett, mosjonsidrett og eliteidrett vert driven og må balanserast innafor same overordna organisatoriske rammeverket. Verksemda i dei lokale klubbane er framleis grunnleggande for all talentutvikling i Norge, supplert av utviklingstiltak frå idrettsorganisasjonen regionalt og sentralt. Det siste er Topprosjektet eit god døme på.

Denne organisatoriske strukturen er både ein styrke og ei utfordring for idretten i Sogn og Fjordane. På den eine sida utløyser strukturen eit avgjerande frivillig engasjement lokalt og ein nærleik mellom topp- og breiddeidrett og på den andre sida gjev den desentraliserte strukturen og mangfaldet av aktørar store utfordringar med sikte på heilskapleg styring og koordinering. Dette gjeld ikkje minst tilrettelegging av tilpassa utviklingsløp over tid for unge utøvarar.

### 4.2 Dilemma og spenningar

Ulike dilemma som pregar talentutvikling i idretten kan samanfattast gjennom nokre omgrepsspar. Desse rammar inn ulike spenningsfelt der det ikkje er muleg å velja det eine og velja bort det andre. I staden for er dilemma kjenneteikna av at dei ikkje kan løysast ein gong for alle. Dimensjonane må i staden for balanserast og handterast på best muleg måte.

### 4.2.1 Frivillig innsats – profesjonell fagkompetanse

Den frivillige innsatsen som vert lagt ned i idrett i Sogn og Fjordane er heilt avgjerande for talentutviklinga. Samtidig er behovet for fagkompetanse stigande i ein stadig meir kunnskapsintensiv eliteidrett. «Talentutvikling på norsk» må integrera fagkompetanse og profesjonalitet utan at dette undergraver frivillig innsats og lokalt eigarskap. Går profesjonaliseringa for langt risikerer ein at sjølv grunnlaget for talentarbeidet – frivillig innsats og engasjement – forvitrar.

Sogn og Fjordane Idrettskrins ved Idrettskrinsstyret står som øvste ansvarlege for prosjektet, men tildelte frå starten av Idrettssenteret i Sogndal ansvaret for gjennomføringa. Det var eit naturleg val sidan Sogn og Fjordane Idrettskrins sjølv sit med majoriteten av aksjane i Idrettssenteret A/S og at dette er det nærmaste ein kjem eit Toppidrettssenter i Sogn og Fjordane. På Campus Fosshaugane er det samla mykje idrettsfagleg kompetanse. Topprosjektet har nytta seg av denne kompetansen. Særleg viktig har idrettssenteret sine egne folk og fagpersonar ved HiSF vore.

I prosjektplanen var det opning for å danna eigne grupper som skulle bistå prosjektleiar på det faglege området. Dette vart gjort i ei tidleg fase og gjennomført i heile prosjektperioden. Desse fagpersonane har vore nytta av dei utvalte miljøa i prosjektet i høve testing, treningsplanlegging, treningsoppfølging og generell kunnskap om trening. Bruken av den type kompetanse var avgjerande for kvaliteten til prosjektet.

Kompetanse vart òg henta inn eksternt. Særleg på dei årlege stimuleringsamlingane kunne utøvarane møte kjende trenarar og olympiske utøvarar ansikt til ansikt. På den måten har utøvarane fått både inspirasjon og ikkje minst referanse på «beste praksis» - på kva som skal til for å bli topp idrettsutøvar i løpet av prosjektperioden. Utøvarane i prosjektet har ved fleire høve understreka at dette har vore viktig for deira eigen motivasjon. Me trur det hadde vore vanskeleg å få alle desse kapasitetane til fylket utan dette prosjektet.

I prosjekt av denne typen ligg det ein naturleg spenning mellom det profesjonelle apparatet; dei som driv med idrett som profesjon i ei eller annan form (td. idrettsforskar, idrettslærer, trenar, instruktør) og dei som driv med idrett på frivillig basis. Utøvarane og trenarane i Topprosjektet tilhøyrar stort sett den siste gruppa. Generelt kan ein seia at klubbane som er med i prosjektet i liten grad blir driven profesjonelt. Prosjektleiinga derimot, og apparatet rundt, har idrett som yrke. Og dermed ligg det og ein god del forventningar til denne gruppa.

Men det ligg òg forventingar til dei som er amatørar i ordets rette forstand. Det vert forventa at trenarar og leiarar skal bruka mykje tid, og sitja inn med kunnskap som utøvarane treng for å kunne utvikla seg til å bli gode i sin idrett, sjølv om dei driv på frivillig basis. Det er ikkje alltid dette er lett å få til i den frivillige idretten. Det er i alle fall utfordrande for nokre klubbar å skapa ein god prestasjonskultur når dei driv aktiviteten primært på dugnadsbasis.

Denne innebygde spenninga kan ha vore med på å skapa avstand mellom dei som har drifta prosjektet i kvardagen ute i klubbane og prosjektleiinga. Forventingsavklaring mellom dei ulike aktørane kan vera med på å gjera slike spenningar mindre. Spørsmålet er om denne har vore godt

nok handtert i dette prosjektet. Startkvelden har vore nytta til slikt, men i kor stor grad oppfølginga har dreia seg om dette, er noko uklart.

#### 4.2.2 Kortsiktig – langsiktig

Talentutvikling for den einskilde utøvar kan sjåast på kortare eller lengre sikt. Eit kortsiktig perspektiv kan gje raskare prestasjonsframgang. Derimot er et langsiktig perspektiv nødvendig dersom målet er å nå sitt maksimale potensial som seniorutøvar. Men målsettingar er avhengig av auga som ser. Måla som driv aktørane varierer ut frå den posisjonen dei har og det ansvaret dei er tillagt. Eit av måla med Topprosjektet var at ein meir seriøs treningskultur skulle «sitta att» i dei utvalde miljøa.

Topprosjektet starta opp hausten 2008 og vert avslutta våren 2013. Det vil seia at prosjektet har gått over fem år. Dette gjer noko med dei deltakande partane. På den eine sida er Topprosjektet prega av stabilitet. Det har vore ein prosjektleiar gjennom heile perioden og tre av miljøa (Kaupanger fotball dame, Statkraft Nordfjord skiskyting og Førde volleyball) har vore med alle fem åra. Idrettssenteret i Sogndal har hatt det operative ansvaret heile tida og kompetansmiljøet i Sogndal (Idrettssenteret og HiSF-idrett) har vore base og ressurscenter for prosjektet. Det er ved Fosshaugane Campus hovuddelen av testinga gått føre seg og det er her stimuleringsamlingane har vore arrangert.

På den andre sida har prosjektet også vore prega av ustabilitet. Det ligg i sakens natur at det har vore utskifting av utøvarar så lenge dette skulle vera eit tiltak for 16-19-åringar over fem år. Treningar og leiarar har og kome og gått og det har vore tre idrettssjefar i SFIK i denne perioden. Det vil seia at ein del av dei som har vore involverte har kome til i løpet av perioden utan nødvendigvis å kjenna prosjektet veldig godt. Slik sett kan verdien av Startkveldane ha vorte litt redusert sidan fleire av dei som var med i starten ikkje held fram gjennom heile perioden, og fleire av dei som har kome til etter kvart ikkje har hatt ein slik startkveld. Dette kan ha verka inn på kor sterkt utøvarar og trenarar har følt tilhald eller identitet til prosjektet.

#### 4.2.3 Sentralisering – desentralisering

Norsk idrett er «desentralisert» gjennom geografisk spreing av klubbar/utviklingsmiljø. Dette sikrar eit tilbod til mange og eit regionalt konkurranse-tilbod som fungerer som utviklingsarena. Samtidig er eliteidretten og til dels talentutviklinga sentralisert gjennom tiltak frå sentrale forbund eller krinsar. Ein viss grad av sentralisering er nødvendig for å gjera kvaliteten i tilbodet betre. Balansegangen handlar om kor sterk sentraliseringa kan/bør vera utan at dei lokale utviklingsmiljøa blir svekka for mykje.

Alle regionane i fylket skulle vera representert i dette prosjektet. Det vart understreka i eit informasjonsmøte som SFIK hadde for særiddrettskrinsar og særiddrettsmiljøa utan særkrins 28. august 2008. I prosjektet har dette vorte ordna på fylgjande måte:

- Sogn: Kaupanger IL Fotball dame
- Sunnfjord: Førde miljøa i ballspel (volleyball, handball og fotball)

- Nordfjord: Gloppen Handballklubb og Team Statkraft Nordfjord (skiskyting)
- Sogn og Fjordane Skikrins: Juniorkrinslaget med løparar frå heile fylket.

Om ein ser litt nøyare på desse miljøa, er det lett å sjå at ballmiljøa er på klubbnivå medan individuelle idrettar (ski og skiskyting) er på regionsnivå. Det gjer sjølvstekt noko med miljøa. Medan utøvarar i lagidrettane kan treffast fleire dagar i veka, er utøvarane i dei individuelle idrettane prisgitt fellessamlingar gjerne i helgane. Truleg har det vore lettare å skapa eit godt idrettsmiljø eller ein varig prestasjonskultur i eit klubbmiljø enn det har vore på kretsniå. Ein kan kanskje hevda at prosjektet har hatt større verdi for klubbutvikling enn for krinsutvikling.

#### 4.2.4 Individ – lag

Talentutvikling handlar primært om individuell utvikling. Samtidig må talentutvikling gå føre seg innafor ramma av eit fellesskap (klubbmiljø, treningsgruppe eller lag). Den einskilde utøvarer si utvikling er avhengig av lagets utvikling og motsett. Dette gjeld særleg for lagballspela. Dimensjonane kan likevel vektleggast ulikt og det handlar om å finne ein balanse: Kor stor vekt bør leggast på individuell utvikling versus laget si utvikling? Kor stor grad av individualisering er føremålstenleg?

Ski og skiskyting har små klubbmiljø der utøvarar i alderen 16-19 år er få og i nokre tilfelle åleine om å driva sin idrett i klubben. Dette gjer det naturleg å søka inn mot større miljø for å delta i eit praksisfellesskap med fleire. Eigenarten til desse individuelle idrettane der utøvarane kjem frå eit lite miljø gjer det naturleg å fokusera på krinslaga for prosjektet, noko som også har vore gjort. Ballspela derimot er forankra i klubbmiljøa og har eit heilt anna treningsfellesskap som base. Dimensjonen individ eller lag har òg spela ei rolle i høve til kva nivå utøvarane har konkurrert på. Medan utøvarane som driv med ski og skiskyting har vore juniorar, har ballspelutøvarane vore ein del av ei seniorgruppe. Dette gjeld ikkje alle ballspelutøvarane, men mange. Dei individuelle utøvarane er i større grad prega av å måtte ta eige ansvar, medan utøvarane i ballidrettane er mykje meir integrert i og avhengig av nivået elles i klubben.

Nivået har vore ulikt i dei ulike miljøa. Dei beste volleyballspelarane i Førde har vore med å konkurrera om Noregsmeisterskap både på herre og damesida og fotballaget til Kaupanger rykte sesongen 2012 opp i 1. divisjon. Dei kjem dermed under definisjonen toppfotball, skriv prosjektlear i sin siste rapport. Dei andre ballspelutøvarane kan større grad reknast under paraplyen breiddeidrett eller talentutvikling. Det same kan ein stort sett seia om utøvarane som driv med langrenn og skiskyting.

#### 4.2.5 Utøvar – skuleelev

I invitasjonen til å melde på utøvarar til Topprosjektet var det nedfelt at dette skulle gjelda lovande utøvarar med ein vidaregåande skule (VGS) i nærleiken. Dei aller fleste utøvarane som har vore med i prosjektet har gått på VGS og mange har gått på idrettslinjer (i Sogndal, på Sandane eller i Stryn). Ved to av stadane der det ikkje har vore idrettslinjer, Førde og Eid, har utøvarane hatt avtale med skulen om å bruka to timar i veka til trening i idretten sin.

Skulesporet har òg vore synleg i eit anna prosjekt i regi av idrettskrinsen. Sogn og Fjordane Idrettskrins fekk i 2009 invitasjon frå fylkeskommunen om å koma med forslag på tilrettelegging for eit spissa tilbod for idrettsutøvarar ved vidaregåande skular i fylket. Dette var i tråd med fylkeskommunen sin strategi for å hindra at unge og talentfulle idrettsutøvar i Sogn og Fjordane skulle reisa til andre fylke for å utvikla seg. I gjeldande fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse er dette uttrykt eksplisitt:

«... Idretten, fylkeskommunen og kommunane må samarbeide om å legge til rette tilbod og anlegg slik at elevar i vidaregåande skule kan utvikle seg innan idretten sin i eige fylke.» (Henta frå Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010 – 2013, s.14)<sup>12</sup>

Ei arbeidsgruppe som vart sett ned hausten 2009 kom fram til at tilrettelegginga i fyrste omgang skulle gjelda for 6 større særiddrettar: Fotball, ski, handball, friidrett, volleyball og skiskyting. Med andre ord dei same idrettane som fekk tilbod om deltaking i Topp.

Dette viser at det å trenar i skuletida for gode utøvarar har brei støtte både i fylkeskommunen og i idrettsrørsla. For å bli god i idrett kravst det at ein trenar mykje. Då kan belastninga bli stor om all trening skal skje etter skuletid. Likevel er tilrettelegging ikkje nok åleine. Skal treningstimane i skuletida kunne forsvarast må dei ha høg nok kvalitet. Det kan berre skje ved at det eksisterer eit samarbeid mellom særiddrettane og skulen. Her kan det sjå ut til at det har lege ein ekstra utfordring i høve kommunikasjon mellom særiddrettane, Topprosjektet og dei vidaregåande skulane. På den eine sida har særiddrettane hatt sine kontaktar med skulane for å få til spissa opplegg for aktuelle utøvarar, og på den andre sida har prosjektleiing i Topp hatt same interesse for sine utøvarar, utan at det nødvendigvis har vore særiddrettsspesifikt. Tilbakemeldingane frå dei vidaregåande skulane viser at dei ikkje har vore heilt sikre på Topprosjektet si rolle.



## 5 Sentrale tilrådingar

På basis av evalueringsarbeidet vert rapporten avrunda med å visa til sju overordna tilrådingar. Me har formulert dei i sju overskrifter nedanfor.

### *Ha store visjonar og klare mål*

Topprosjektet har hatt ønska å leggja til rette for at enno fleire utøvarar skal kunna utvikla seg og prestera godt i idretten sin ved å tilby ny kunnskap og kompetanse i gode klubbmiljø som alt finst i fylket. Måla har vore å styrke aktivitets-, kunnskaps- og kompetanseutviklinga i idretten i Sogn og Fjordane gjennom lokal oppfølging, og kompetanse har vore forstått som kunnskap, erfaringar, ferdigheiter, verdiar og haldningar.

Ein kan seia at suksessvilkåra til prosjektet har hatt to sider. Éi har handla om å utvikla utøvarar og éi har handla om å styrka læringsmiljøa og kompetanseutviklinga i klubbane. Å måla ei prestasjonsforbetring på individplan kan vera enkelt. Det kan ein sjå på ein test eller ei resultattavle. Langt meir utfordrande kan det vera å vurdera ei kvalitetsendring i eit miljø med tanke på dei kunnskapane, erfaringane og verdiane som uttrykkjer seg lokalt. Slike endringsprosessar føregår over lang tid og er ein del av ein sosial praksis. Dei kan vera vanskeleg å måla og å setja ord på. Det betyr ikkje at dei ikkje skjer. Ein må berre ha tydeleg fokus på tematikken for å få auga på den.

Me tilrår at nye prosjekt har store visjonar og klare mål. Visjonane bør skapa ei felles forståing – ei felles sikt – om kvar ein er på veg, medan måla bør spesifisera vilkåra som skal oppfyllest for at ein er på rett veg til rett tid (prosessmål) og at ein til slutt kjem fram i tide (produktmål). Idrettslege prestasjonar kan vera enkle å måla, men idrettslege praksisar kan også vera vanskeleg å gripa. Eit viktig spørsmål er også kven måla er til for - utøvarer, trenaren eller eit større miljø? Kven er kjernedeltakaren i prosjektet?

### *Få dei rette miljøa om bord*

Det er nokre fåe gode prestasjonsmiljø i fylket og nokre av dei har vore med i Topprosjektet. Me trur det er viktig å få dei gode miljøa om bord tidleg. Deltakarane i desse miljøa har erfaringar med å arbeida hardt og målretta over lang tid og har lukkast med det. Dei er vanlegvis svært motiverte for å læra, og nysgjerrige på korleis ein kan gjera det best mogleg. Slike døme kan setja ein høg standard og bli ei tydeleg rettesnor å strekkja seg etter for andre miljø som kjem inn i prosjektet og som ikkje har nådd like langt. Topprosjektet har vore dyktige til å henta inn eksterne ressurspersonar som har sett ein høg standard i prosjektet. Stimuleringsamlingane har vore eit tydeleg uttrykk for det. Det er ikkje dermed sagt at ressursbruken i nye prosjekt skal tilfalla dei beste og at dei som kjem etter ikkje skal få like mykje av ressursbruken. Poenget vårt er heller å spela på lag med dei beste og nyttiggjera seg av denne kompetansen for alle som er involverte i eit utviklingsprosjekt.

## *Skap engasjement*

Eit prosjekt må skapa engasjement på fleire måtar, men det er heilt nødvendig å få deltakarar til å bry seg om si eiga rolle i prosjektet. Med deltakarar meiner me her både utøvarar, trenarar og leiarar i idretten i fylket. Deltakarane må kunne påverke sin eigen kvardag og bli aktive og ta ansvar. Ein bør med andre ord leggja til rette for at deltakarar i prosjektet kan involvera seg og medverka til sentrale utviklingsprosessar. Innspela undervegs i evalueringsprosessen har vore litt sprikande i kor stor grad Topprosjektet har engasjert, men det er skapt gode vanar og ein god kultur i fleire miljø. Dette kan ein byggja vidare på.

Når ein er engasjert, er det og lettare å godta forpliktingar i høve eit prosjekt. Det å få ansvar er som regel utviklande for dei fleste. Me trur dette vil letta arbeidet med å skapa ein god kultur der deltakarar verkeleg tek ansvar for eiga utvikling og læring. Skapar ein engasjerte deltakarar som gjerne vil vera med, kan ein også stilla tydelege krav til deltakinga deira.

## *Ver tolmodig*

Det tek tid å driva fram varige utviklingsprosessar. Dette gjeld både på utøvarnivå og klubbnivå. I følgje forskinga til Ericsson<sup>13</sup> tek det ca. 10 000 timar med tilsikta trening for ein utøvar å bli verkeleg god. Det er rundt 3 timar dagleg i 10 år. Dette poenget har prosjektet fått tydeleg fram for målgruppa i fleire samanhengar, og ambisiøse utøvarar veit om kva som skal til av mengde trening. Kvaliteten ein fyller timane med er minst like viktig som talet timar. Ein må med andre ord trenast mykje og med høg kvalitet om ein skal bli verkeleg god. Kvalitet har vore eit sentralt stikkord i arbeidet til prosjektet.

Men det er ikkje berre utøvarar som må trene mykje og med høg kvalitet for å bli gode. Dei gode prestasjonsmiljøa blir heller ikkje skapt over natta. Det var viktig at Topprosjektet fekk halda på i fem år og at det ikkje tok slutt etter dei første tre åra. I framtidige prosjekt må ein tenkja langsiktig og ein må arbeida med å fylla tida med godt innhald og høg kvalitet.

## *La læring skje*

Læring skjer nærast heile tida. Men for at den skal vera varig om med høg kvalitet krev det bevisstgjering og refleksjon. Korleis me organiserer og reflekterer over læringa kan påverke kor godt og effektivt me lærer. Det kanskje viktigaste bidraget til Topprosjektet ute i klubbane på både utøvar- og klubbmiljøside var å skapa auka merksemd – ei bevisstgjering – omkring korleis læring av ferdigheit og prestasjonsutvikling skjer. Ei slik bevisstgjering handlar ofte om å ta steget frå å driva fram lærings- og utviklingsprosessar utan å reflektera aktivt omkring dei, til å skapa eit klima der ein aktivt reflekterer omkring slike prosessar på ein konstruktiv, systematisk og sjølvstendig måte.

Ein bevisstgjeringsprosess startar ofte med å forstå såkalla «kva er spørsmål». Kva er kunnskap, erfaring, ferdigheit, verdi og haldning? Deretter må bevisstgjeringa kunna brukast i praksis. Korleis kan ei forståing av desse fenomenar brukast overfor utøvarar og miljøa dei lærer i? For å få til dette krev det nettopp, som prosjektplanen seier, kunnskap, erfaring og ikkje minst ferdigheiter som gjerne

er forankra i gode verdiar og haldningar. Organiser derfor læringa slik at ho skjer naturleg og lær utøvarane å reflektera over dette.

### *Kommuniser*

Eit sentralt og viktig punkt for deltakarane i eit slikt prosjekt er god informasjonsflyt. Det er grunnlaget for å få til involvering og høgt engasjement. For at alle aktuelle aktørar skal bli deltakande og aktive bør dei ha kjennskapen til og mulegheit til å påverka sentrale prosessar i prosjektet. For å få dette til på ein god måte bør prosjektet ha ein plan for slik kommunikasjon.

Men før ein kan laga ein slik plan må det avklarast kven som er aktuelle aktørar. Her må ein tenkja både innan prosjektet og utafør prosjektet. At utøvarane og trenarane er godt informert om sentrale prosessar i prosjektet er ein ting, men kva med resten? Har prosjektet kome nok ut til folk i fylket? Og ikkje minst har det kome godt nok ut til dei i idretten som ikkje har vore ein del av prosjektet? Har til dømes prosjektet vore flinke nok til å nytta media aktivt både i forkant og etterkant av ulike tiltak?

### *Tenk heilskap*

Prosjektet skal ikkje berre virka på heile utøvarane, men det skal også virka på utøvarane sine ulike arenaer. Dermed vert det viktig at prosjektet er gjennomtenkt på heilskapleg vis slik at dei ulike delane og tiltaka heng saman. Kan det lagast ein modell som synleggjer relasjonane mellom elementa i prosjektet? Og vidare, kan det lagast ein progresjon som seier noko om korleis ein går fram for å byggja opp ei prosjektgjennomføring som munnar ut i eit godt heilskapsbilete for deltakarane? I så tilfelle er det god von om at prosjektet vil føra til ei varig kunnskaps- og kompetanseutvikling i klubbane og dermed også til betre prestasjonar på utøvarsida.

### *Avsluttande kommentar*

Når me ser tilbake på Topprosjektet, verkar prosjektet til å ha betydd mykje i fleire miljø, medan det for andre miljø har vore positivt å delta utan at ein får inntrykk av at påverknaden frå prosjektet har vore vesentleg. Denne spenninga mellom ein sterk og ein viss påverknad, er noko som både prosjektdrivarar og -deltakarar har eit felles ansvar for. På den eine sida er det viktig at eit prosjekt legg vilkåra godt til rette for brukarane sine, men når ei brukargruppe blir invitert med på eit godt utviklingsprosjekt er det i stor grad opp til dei enkelte utøvarane, trenarane og miljøa i kor stor grad ein nyttiggjer seg av eit slikt tilbod. Tilrådingane ovanfor handlar om dynamikken mellom å leggja til rette for læring og utvikling, og evna til å engasjera seg. Blir denne dynamikken sterk, vil prosjekt som «TOPP – idrettsutvikling for ungdom 16-19 år» ha høg verdi for fylket.

## Sluttnotar

<sup>1</sup> Prosjektplanen ligg på heimesida til Sogn og Fjordane idrettskrins:

[http://www.idrett.no/krets/sognogfjordane/prosjekter/Documents/IDRETT-262105-v1-TOPP\\_-\\_idrettsutvikling\\_prosjektplan.pdf](http://www.idrett.no/krets/sognogfjordane/prosjekter/Documents/IDRETT-262105-v1-TOPP_-_idrettsutvikling_prosjektplan.pdf) (Sist nedlasta 07.03.13).

<sup>2</sup> Sjå årsmelding for Sogn og Fjordane Idrettskrins 2007-2008-2009-20010 i eige dokument med url.adresse: [http://www.idrett.no/krets/sognogfjordane/omidrettskrinsen/Documents/IDRETT-445478-v1-Idrettskrinstinget\\_2011\\_-\\_tingdokument.pdf](http://www.idrett.no/krets/sognogfjordane/omidrettskrinsen/Documents/IDRETT-445478-v1-Idrettskrinstinget_2011_-_tingdokument.pdf). (s.58). Sist nedlasta 07.03.13

<sup>3</sup> Sjå Prosjektplan s.3.

<sup>4</sup> Sjå Rapport 2012, TOPP – idrettsutvikling for ungdom 16-19 år. Sogn og Fjordane Idrettskrins, Prosjektrapport nr. 5 DM-607361:

[http://www.idrett.no/krets/sognogfjordane/prosjekter/Documents/IDRETT-607361-v1-TOPP%20Rapport\\_2012.pdf](http://www.idrett.no/krets/sognogfjordane/prosjekter/Documents/IDRETT-607361-v1-TOPP%20Rapport_2012.pdf) (Sist nedlasta 20.04.13).

<sup>5</sup> Sjå til dømes K. Tornes (red.) (2012). *Evaluering i teori og praksis*. Trondheim: Akademika forlag.

<sup>6</sup> Sjå E. J. Davidson (2005). *Evaluation methodology basics*. London et al. Sage, sjå s. 55.

<sup>7</sup> Sjå Robert K. Yin (2009). *Case study research. Design and methods* (4. utg.). Los Angeles et al.: Sage.

<sup>8</sup> Modellen er utarbeidd i samsvar med E. J. Davidson (2005). *Evaluation methodology basics*. London et al. Sage, sjå s. 38-40.

<sup>9</sup> Dette er tal som evalueringsgruppa har henta frå deltakarlistar frå Sogn og Fjordane idrettskrins. Dette er relative tal, då det er usikkert om alle som sto på deltakarlistene møtte, samt om det kom nokon utan å vere påmelde. Her har vorte nytta eit avkryssingsystem, og ein kan stille spørsmål kring nøyaktigheita med systemet. Dette gjeld både tala for deltakarar frå miljøa og tal deltakarar samla sett. Evalueringsgruppa sine tal er såleis ikkje heilt i samsvar med rapportar utgitt av krinsen.

<sup>10</sup> Stimuleringssamlinga 20.04.2013 vart sett inn etter at rapporten førelåg i ferdig utkast.

<sup>11</sup> Sjå til dømes *Den norske toppidrettsmodellen – norsk toppidrett fram mot 2022* (Evaluering av OL/PL 2012 og fremtidige prioriteringer ved Olympiatoppen, levert 4. april 2013 ved leder T. Tvedt.) for gjennomgang av norsk modell for talent- og toppidrettsutvikling.

[http://www.idrett.no/nyheter/Documents/Toppidrettsrapporten\\_2022.pdf](http://www.idrett.no/nyheter/Documents/Toppidrettsrapporten_2022.pdf) (Sist nedlasta 20.04.13).

<sup>12</sup> Sjå Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013:

[http://www.sjf.no/cmssff/cmssmm.nsf/lupGraphics/Fylkesdelplan%20for%20idrett..%20i%20LITEN%20pdf%20versjon.pdf/\\$file/Fylkesdelplan%20for%20idrett..%20i%20LITEN%20pdf%20versjon.pdf](http://www.sjf.no/cmssff/cmssmm.nsf/lupGraphics/Fylkesdelplan%20for%20idrett..%20i%20LITEN%20pdf%20versjon.pdf/$file/Fylkesdelplan%20for%20idrett..%20i%20LITEN%20pdf%20versjon.pdf) (Sist nedlasta 20.04.13).

<sup>13</sup> Sjå K. A. Ericsson (2006). The influence of experience and deliberate practice on the development of superior expert performance. I: *The Cambridge handbook of expertise and expert performance*, (K. A. Ericsson, N. Charness, R. R. Hoffman, and P. J. Feltovich, eds.), s. 683-704. Cambridge et al.: Cambridge University Press.